

**Praksis i bachelorutdanningane barnevern, sosialt arbeid/sosionom og vernepleie ved
Institutt for velferd og deltaking
Høgskulen på Vestlandet**

Rapport frå tverrgåande gruppe Campus Sogndal og Campus Bergen

Mandatet til gruppa har vore å gje eit fullstendig oversyn over praksisperiodar og andre pedagogiske opplegg som gir praksiskompetanse og identifisere LUB'ar som skildrar læringsutbytte for tradisjonell praksis og annan praksisrelatert undervising i dei eksisterande studieplanane. Vi har i tillegg valt å identifisera LUB'ar i emna som er særleg praksisrelevante i dei fem utdanningane. Vidare har mandatet vore å gje med innspel til korleis kvaliteten i praksisundervisinga kan betrast, og korleis HVL kan leggja til rette for internasjonalisering og endeleg legge fram prioriteringar for det vidare arbeidet i praksisundervisinga.

Gruppa har hatt to felles Skypemøte. I tillegg har medlemmene i arbeidsgruppa arbeidd utdanningsvis fordi det har vore teneleg for føremålet. Det er eitt vedlegg knytt til rapporten om vernepleie, og 6 vedlegg knytt til rapporten frå barnevern og sosialt arbeid, men dei skal framstilla det same.

Medlemmer i gruppa:

Marita Brekke Skjelvan, fagseksjonsleder, barnevern, Campus Sogndal

Kari Bergset, høgskulelektor, sosialt arbeid, Campus Sogndal

Inger Johanne Solheim, førstelektor, sosialt arbeid, Campus Sogndal

Karen Reimers, høgskulelektor, sosialt arbeid, Campus Bergen

Hege Cathrine Aarlie, høgskulelektor, vernepleie, Campus Bergen

Ole Martin Hitland, høgskulelektor, vernepleie Sogndal, leiar av gruppa

VERNEPLEIE

1. Gi heilskapleg oversikt over praksisperiodar og andre pedagogiske opplegg som gjev praksiskompetanse i dei fem utdanningane.

For å gje eit heilskapeleg oversyn over praksisperiodar og andre pedagogiske opplegg knytt til vernepleieutdanningane, har ansvarlege for studieprogram ved vernepleie på dei ulike campusa hatt ansvar for å kartlegga dette (sjå gruppesamansetting). Medlemmene har gått gjennom eksisterande studieplanar og emneomtalar i ulike emne (både praksisemne og teoriemne).

Begge vernepleieutdanningane har tre praksisperiodar som fordeler seg litt ulikt gjennom studiet. Ved campus Bergen er det ein praksisperiode kvart studieår, medan campus Sogndal i dag har to praksisperiodar andre studieår og ein praksisperiode tredje studieår.

Pedagogiske opplegg som er identifiserte er mellom anna simuleringstrening, ferdighetstrening og undervising knytt til sjølv å erfara ulike funksjonsnedsetjingar. Felles for campusane er at desse pedagogiske opplegga er sterkt knytte opp mot praksisperiodane.

For skjematisk oversikt sjå Vedlegg I Vernepleie.

2. Identifisera aktuelle LUB'ar som skildrar læringsutbytte for tradisjonell praksis og anna **praksisorientert undervising** i dei eksisterande studieplanane.

I den samanhengen har også aktuelle LUB'ar blitt identifiserte.

For skjematisk oversikt sjå Vedlegg I Vernepleie.

3. Gi innspel og vurdering av korleis kvaliteten i praksisundervisinga skal forbetrast:
 - a. Vurdere læringsutbytta for praksis:

Det er sentralt å ha progresjon i læringsutbytta som samsvarer med den læringskurva som studiet som heilskap skal innehalda. I samband med det vil det være naturleg at læringsutbyttebeskrivingar samsvarer med nasjonalt rammeverk for helse- og

sosialutdanningane og dei nasjonale læringsutbyttebeskrivingane framstilte i høyringsutkast frå RETHOS gruppa.

Gjennomgang av læringsutbytta for praksis ved de to campusa viser at dei er noko ulike. Det vert tilrådd at det i samkjøringsprosjektet omkring felles studieplan for vernepleieutdanningane vert sett ned ei gruppe på tvers av campusa for å utarbeide felles læringsutbytteomtalar.

- b. Vurdere organiseringa av praksisundervisninga og bruk av eit utvida spekter av praksisundervisning, t.d. simulering, observasjon mv:

Organiseringa av praksis må styrka strukturen i studieplanen som har som premiss at læringa tek utgangspunkt i individ, og bevegar seg mot gruppe- og systemnivå.

I kartleggingprosessen kom det fram at campus Bergen nyttar eit utvida spekter av praksisundervisningsformer som simulering og ferdigheitstrening i forkant av at studentane skal ut i rettleia brukarretta praksis i reelle yrkessituasjonar.

I vidare praksisretta undervisning anbefalast fortsatt bruk av ulike praksisretta undervisningsformer, utan at slik undervisning erstattar praksis i reelle yrkessituasjonar (jmf. høyringsutkast frå RETHOS som har anbefaling om minimum 35 vekers rettleia brukarretta praksis i reelle yrkessituasjonar). Studentar oppnår mest læring ved å ha direkte brukarretta praksis. Simulering eller anna ferdigheitslæring kan ikkje erstatta direkte brukarretta praksis. Eksisterande simulerings- og ferdigheitslæringsundervisning er eit viktig supplement til direkte brukarretta praksis. Det må leggast til rette for slik undervisning, og HVL må ha godt teknisk video/TV og tilgang på grupperom. Faglærarar må ha kompetanse som er nødvendig.

Kartlegginga viser at Bergen har ein praksisperiode kvart år, medan vernepleieutdanninga i Sogndal ikkje har praksis første studieår, men 2 praksisperiodar andre studieår.

I forbindelse med praksis har kartlegginga vist at både Sogndal og Bergen har praksisrettleiarsamlingar saman med studentane. Denne undervisninga har fokus på både kva praksis skal innehalde samt felles undervisning omkring eit eller to tema.

- c. Vurdere korleis vi best driv kvalitetsforbetring i tråd med forskning om praksisretta undervisning og nasjonale føringar:

Forbetringsarbeidet må omhandla både læringsutbyter «inne» på læringsinstitusjonen, og «ute» i såkalla ekstern praksis i praksisperiodane.

Det er føremålsteneleg å ha ein praksisperiode kvart studieår.

HVL må utarbeida felles læringsutbytte knytt til praksis på tvers av campusa som er i tråd med rammeplan for helse- og sosialutdanningane kunngjort 6.9.2017.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-06-1353>

Praksisrettleiarar kompetanse er viktig for kvaliteten på praksisopplæringa. Kompetanse hjå rettleiarar varierer, og det er heilt sentralt å styrka denne.

I forskrift for felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningane § 3 står det at utdanningsinstitusjonane må sikra at læresituasjonane for studentane er innan kunnskapsbaserte tenester, og at praksisrettleiar er kompetente. Praksisrettleiar skal ha relevant faglig kunnskap og bør som hovedregel ha formell rettleiingskompetanse.

HVL må derfor legge til rette for at samarbeidsavtalane legg til rette for at praksisrettleiarane kan ta rettleiingsutdanning.

Ved Campus Bergen er følgjande utdanningar tilgjengelege for praksisrettleiarar:

Veiledningspedagogikk (30 studiepoeng)

Innføringskurs i veiledningspedagogikk (6 studiepoeng)

Ved Campus Sogndal er følgjande utdanningar tilgjengelege:

Innføringskurs i rettleiing (15 studiepoeng)

Utdanningane ved HVL må vera i tråd med krava fra Universitets- og høgskolerådets veiledende retningslinjer for utdanning og kompetansevurdering av praksisrettleiarar i helse- og velferdstjenestene som ble vedtatt 9. februar 2018.

http://www.uhr.no/documents/Ny_Nettversjon_Veiledende_nasjonale_retningslinjer_for_praksisveilederutdanning_krav_til_praksisveilederes_kompetanse.pdf

4. Internasjonalisering; innreise og utreise, jf. rapport frå arb.gr. for internasjonisering

Det er vesentleg at det vert lagt til rette for at studentar kan ha praksis i utlandet.

Emneansvarlege for praksis må samarbeida med kollegaer som har ansvar for internasjonisering. Vidare må det etablerast avtaler med praksisfelt som kan ta i mot innreisande studentar. Campus må kunna ta i mot innreisande studentar utanom oppsette praksisperiodar. Det er muleg å bruke emnekode BSVCBE «*Crossing borders – practical placement*», uavhengig av tidspunkt på praksisperioden.

5. Lage framlegg til prioriteringar for vidare arbeid med kvalitetsheving i praksisundervisninga.

- Vernepleie ved Campus Bergen har eit svært omfattande og godt opplegg i kommunikasjon og kommunikasjonstrening (med behov for oppdatering av kunnskapsgrunnlaget) over 3 år. Det er ei heilt nødvendig kvalitetsheving at tilsvarende opplegg vert etablert også ved vernepleiarutdanninga ved Campus Sogndal, og erstattar eksisterande opplæring i kommunikasjon.
- I felles studieplan for vernepleieutdanninga ved HVL anbefaler vi tre praksisperiodar, ein i kvart studieår.
- Omfanget av brukarretta praksis er i tråd med tilrådingar i nasjonale læringsutbytebeskrivelsar (jmf høyringsutkast fra RETHOS 35 veker).
- Vidare utarbeiding av simulerings- og ferdigheitslæringsundervisning som supplement til brukarretta praksis.
- Oppretthalde samarbeidsavtalar som regulerer ansvar, roller, kapasitet på praksisplasser, kompetanse og samarbeidsarenaer på alle relevante nivå, og kan også regulere forsknings-, utviklings- og innovasjonssamarbeid.
- Krav om rettleiingskompetanse hos praksisrettleiar.
- Utarbeide rettleiingsutdanningane ved HVL slik at dei tilfredsstillar krava frå Universitets- og høgskolerådets veiledende retningslinjer for utdanning og kompetansevurdering av praksisrettleiare i helse- og velferdstjenestene vedtatt 9. februar 2018
- Jobbe vidare med felles undervisning til studentar og praksisrettleiarar, med spesielt fokus på korleis utøve ein vernepleier kunnskaps basert praksis (jmf. føremålsbeskrivinga i høyringsutkast frå RETHOS og HVLs ansvar knytt til praksis

tilbydarars sikring av kunnskapsnivå omtalt i forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialutdanningane).

- Vidareutvikla felles TPS praksis 3 studieår mellom BSV utdanningane i Sogndal

BARNEVERN OG SOSIALT ARBEID

1. Gi heilskapleg oversikt over praksisperiodar og andre pedagogiske opplegg som gjev praksiskompetanse i dei fem utdanningane.

Ansvarlege for barnevern og sosialt arbeid har laga ei oversikt og kartlagd praksisperiodar og andre pedagogiske opplegg knytt til desse utdanningane.

Barnevernsutdanninga har to praksisperiodar, samt prosjektpraksis i tredje studieår; Første studieår har studentane 2 veker observasjonspraksis i barnehage og andre studieår har dei 16 veker ekstern og klientretta praksis. Denne perioden er felles og på same tid som sosialt arbeid i Sogndal. I tredje studieår er det ein 10 vekers tverrfagleg prosjektpraksis i grupper saman med vernepleie og sosialt arbeid. Per i dag vert dette omtalt som praksis i studeplanen. Vi på sosialt arbeid og barnevern ser på dette som eit prosjektarbeid istadenfor praksis, og vi tilrår difor at det vert vurdert om omtalen i studieplanen skal endrast.

Sosialt arbeid i Sogndal har per i dag ein praksisperiode, samt tverrfagleg prosjektpraksis tredje studieår, slik som barnevern og vernepleie. Andre studieår har dei 16 veker ekstern og klientretta praksis på same tid som barnevern.

Sosialt arbeid i Bergen har to praksisperiodar; første perioden er første studieår og er på 10 veker, og den andre perioden er tredje studieår og er på 13 veker. Denne perioden byggjer på første praksisperiode, og dei vert sett i samanheng med kvarandre. Slik det er no, fell ikkje praksisperiodane med ekstern praksis på same tid i studia ved campus Sogndal og Bergen.

Samanliknar ein praksisperiodane på begge Campus har Sogndal ein periode som er klientretta eksternpraksis, medan Bergen har to. Vi må ta omsyn til NOKUT sine vurderingar om to praksisperiodar og gruppa tilrår difor dette.

Vedlegg 2 gjev ei oversikt over dei nemnde praksisperiodane. Aktuelle læringsbytte knytt til praksisemna er også identifiserte og viste til i denne oversikta.

2. Identifisere aktuelle LUB'er som skildrar læringsutbytte for tradisjonell praksis og anna praksisorientert undervisning i dei eksisterande studieplanane.

Sjå vedlegg 2 der læringsutbytta for barnevern og sosialt arbeid i Sogndal knytt til ekstern praksis er definerte. Vedlegg 3 inneheld læringsutbytta knytt til praksis på sosialt arbeid i Bergen. På sosialt arbeid og barnevern forstår vi anna «praksisorientert undervisning» som ferdighetstrening, og desse læringsutbytta er skisserte i vedlegg 4.

3. Gi innspel og vurdering av korleis kvaliteten i praksisundervisninga skal forbetrast:
 - a. Vurdere læringsutbytta for praksis

Etter ein gjennomgang av læringsutbytta for praksisstudia i Sogndal, ser ein at det er for like læringsutbytte. Læringsutbytta må verte meir spesifikke knytt opp mot den enkelte utdanning. NOKUT si tilbakemelding på læringsutbytta var at barneperspektivet måtte koma meir til syne. Dette gjeld òg for praksis.

Læringsutbytta må vera i tråd med tilrådingar i nasjonale læringsutbyttebeskrivelsar (jmf nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og dei nye retningslinjene frå RETHOS)

Frå sosialt arbeid i Bergen viser vi til Sherpaundersøkelsen (desember 2017) for praksis i 5. semester. I denne evalueringa svarar 26 % av studentane at dei ikkje har hatt høgt læringsutbytte. Svare knytt seg til forventningar til praksisrettleiar kompetanse, og at mange ikkje synes den har vore god nok. Studentane kjem mellom anna med forslag om at Høgskulen tydelig kommuniserer at det er ønskelig at rettleiar skal ha minimum to års praksis frå fagfeltet + rettleiarkompetanse. Vidare knyter fleire av kommentarane seg til at den tverrfaglege oppgåva har vore vanskeleg å svare på, og

at fleire av studentane uttrykkjer at det på eigen praksisplass var liten mogelegheit for tverrfagleg samarbeid.

Dette med manglande rettleiarerfaring og kompetanse frå rettleiar er noko studentane frå sosialt arbeid og barnevern i Sogndal også har meldt tilbake om.

Gjennomgang av læringsutbytta for praksis ved begge campus viser at dei er noko ulike. Dersom praksisperiodane skal vera like og på same tid, og så lenge det vert to praksisperiodar på begge campus, vert det tilrådd at læringsutbytta kan vera like.

- b. Vurdere organiseringa av praksisundervisninga og bruk av eit utvida spekter av praksisundervisning, t.d. simulering, observasjon mv.

Ekstern praksis:

På barnevern og sosialt arbeid i Sogndal er det førpraksisseminar knytt til ekstern praksis. Studentane har ein dag utan rettleiar der det vert gjennomgang av arbeidskrav, rettleiingsmodellar og gruppearbeid kring forventningar til praksis. Deretter har studentar og rettleiar to dagar saman. Her vert det gjeve informasjon knytt til praksis og fagleg påfyll til både studentar og rettleiarar. Etter praksis har studentane undervisning og refleksjon knytt til praksisperioden. Det er ikkje noko felles samling undervegs i perioden, men kontaktlærer reiser på praksisbesøk og har midtvegsevaluering saman med student og rettleiar.

Ved praksisperiodane i Bergen: i første studieår inngår praksisførebuingane gjennomgang av ulike tema som blant anna observasjon, rettleiing, organisasjonsteori og regler og rammer for praksis. I tillegg vert alle rettleiarar invitert til samling på skulen før studentane byrjar i praksis. Det er i tillegg to obligatoriske samlingar for studentane på skulen i løpet av praksisperioden.

I praksisperioden i tredje studieår inngår praksisførebuingane gjennomgang av teorigrunnlag for arbeid med oppgåver og fokus på voldsstyring i arbeidslivet. I perioden er det ei samling på skulen for gjennomgang av utkast til refleksjonsoppgåve.

Ferdighetstrening:

Det er ikkje tilrådeleg at denne gruppa vurderer undervisningsopplegga knytt til ferdigheitstrening. Dette må dei som driv sjølve undervisninga seie noko om. Felles for utdanningane på begge Campus er at vi må ha betre utstyr og meir tilrettelagde lokale for ferdigheitstrening med videoopptak.

Når det gjeld undervisningsopplegg knytt til barnevern, burde det vore undervising om faseorientert kontakt med brukarar, til dømes som Shulman sin modell, men som er tilpassa både institusjonsarbeid og samtalar på eit kontor.

For sosialt arbeid i Sogndal må det vurderast på kva måte brukarar og profesjonsutøvarar frå feltet kan delta i ferdigheitstrening. I utkast frå nye retningslinjer på sosialt arbeid står det at det kan leggjast til rette for observasjonspraksis og feltstudier i ulike delar av praksisfeltet i tillegg til ordinære praksisstudier. Barnevern og sosialt arbeid i Bergen har allereie ein observasjonspraksis, medan sosialt arbeid Sogndal har ikkje dette

- c. Vurdere korleis vi best driv kvalitetsforbetring i tråd med forskning om praksisretta undervisning og nasjonale føringar

Forbetringsarbeidet må omhandla både læringsutbyter «inne» på læringsinstitusjonen, og «ute» i såkalla ekstern praksis i praksisperiodane.

Dersom det vert to praksisperiodar på begge campus må HVL utarbeida felles læringsutbytte knytt til praksis på tvers av campusa som er i tråd med rammeplan for helse- og sosialutdanningane kunngjort 6.9.2017.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-06-1353>

Praksisrettleiarar kompetanse er viktig for kvaliteten på praksisopplæringa.

Kompetansen hjå rettleiarar varierer, og det er heilt sentralt å styrka denne. I forskrift for felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningane § 3 står det at utdanningsinstitusjonane må sikra at læresituasjonane for studentane er innan kunnskapsbaserte tenester, og at praksisrettleiar er kompetente. Praksisrettleiar skal ha relevant faglig kunnskap og bør som hovedregel ha formell rettleiingskompetanse.

HVL må derfor legge til rette for at samarbeidsavtalane legg til rette for at praksisrettleiarane kan ta rettleiingsutdanning.

Ved Campus Bergen er følgjande utdanningar tilgjengelege for praksisrettleiarar:

Veiledningspedagogikk (30 studiepoeng)

Innføringskurs i veiledningspedagogikk (6 studiepoeng)

Ved Campus Sogndal er følgjande utdanningar tilgjengelege:

Innføringskurs i rettleiing (15 studiepoeng)

Utdanningane ved HVL må vera i tråd med krava fra Universitets- og høgskolerådets veiledende retningslinjer for utdanning og kompetansevurdering av praksisrettleiarar i helse- og velferdstjenestene som ble vedtatt 9. februar 2018.

http://www.uhr.no/documents/Ny_Nettversjon_Veiledende_nasjonale_retningslinjer_for_praksisveilederutdanning_krav_til_praksisveilederes_kompetanse.pdf

Vi viser vidare til det vernepleie skriv under dette punktet og vi i arbeidsgruppa på sosialt arbeid og barnevern er einige at dette gjeld også desse to utdanningane.

4. Internasjonalisering; innreise og utreise, jf. rapport frå arb.gr. for internasjonalisering
Emnet som viser praksis i utlandet er vist til i vedlegg to, som gjer ei oversikt over praksisperiodar. Elles viser vi til det som har kome fram i denne rapporten.
5. Lage framlegg til prioriteringar for vidare arbeid med kvalitetsheving i praksisundervisninga.
 - Læringsutbytta må vera i tråd med tilrådingar i nasjonale læringsutbyttebeskrivelsar (jmf. nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og dei nye retningslinjene frå RETHOS)
 - Læringsutbytta på barnevern og sosialt arbeid må verte meir studiespesifikke
 - Ein må sjå på mogelegheitene for å legge til rette for to praksisperiodar med ekstern praksis på utdanningane på Campus Sogndal (jmf. tilrådingane og vurderingar frå NOKUT).

